

Fra: SIV MONIKA HORTEN[m-horten@online.no]  
Sendt: 12.08.2024 19:39:51  
Til: Post Innlandetfylke[post@innlandetfylke.no]  
Tittel: Høyringsuttale skulestrukturen i Innlandet

---

Denne eposten er sendt fra en person utenfor organisasjonen. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg før du er sikker på hvem avsender er og at innholdet er trygt.

Til alle fylkespolitikere i Innlandet fylkeskommune.

Her kjem høyringsuttale frå FAU ved ungdomsskulane i Norddalen, Skjåk, Lom og Vågå. Gjer oppmerksom på at kjeldane ligg som hyperlinkar i dokumentet.

Mvh  
Siv Monika Horten  
Fau Lom ungdomsskule

Sendt fra [Outlook](#)

## Høyringsuttale vidaregåande skulestruktur i Innlandet.

Vi ynskjer å uttrykkje vår bekymring angående forslaget om å leggje ned avdeling Lom ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule. Skulen har ei viktig rolle i lokalsamfunnet og gjev eit verdifullt tilbod til elevane i området. Her er nokre punkt vi meiner bør vurderast på det sterkaste:

- 1. Tryggingssettet rundt elevane :** Avdeling Lom har eit sterkt tryggingssett for elevane. Dette er avgjerande for deira trivsel og læring. Skulen si tette oppfølging av elevane bidrar til at dei kjenner seg ivaretekne og trygge. Dette er særleg viktig i ei tid der dei unge har ei aukande belastning i høve til psykisk helse.
- 2. Gjennomføringsgrad:** Skulen skårar høgast i fylket når det gjeld gjennomføringsgrad. Dette viser at den gir god støtte og oppfølging til elevane. Avdeling Lom har eit dedikert lærarkorps som jobbar tett med elevane for å sikre at dei fullfører utdanninga si. Dette er ein styrke som bør takast vare på. Skulen har ein gjennomføringsgrad: 2018/19 - 95.8% 2019/20. - 95.7% 2020/21 - 95.1% 2021/22 - 98.1% 2022/23 - 99.1%

### Analysebrettet

Når det gjeld oppfylingsgraden er avdeling Lom ein soleklar vinnar med 84% oppfylling. Dette er i toppen i Innlandet. Det seier noko om kor populær denne skulen er. For å forstå elevane har vi spurt fleire av elevane kvifor dei vel Lom, sjølv om dette er ein mindre vitenskapeleg metode, gjev det likevel eit innblikk i korleis ungdommen ser på skulen sin, og kva for haldningar som er gjengs i ungdomsgruppa. Her svarer dei at det er mest sosialt der, har best miljø og at dei får den beste opplæringa der.

- 3. Stabil søkarmasse:** Til trass for utfordringar med elevnedgang har avdeling Lom klart å oppretthalde ein relativt stabil søkarmasse. (Tala viser og at Norddalen vil ha same elevtal i 2038.) Dette indikerer at skulen er ettertrakta blant elevane. Det er viktig å ta omsyn til dette når ein vurderer nedlegging. Å miste eit slikt tilbod kan føre til at elevane må reise langt for å få tilgang til vidaregåande opplæring, noko som kan påverke deira motivasjon og trivsel. Dette syner og at elevane kanskje ikkje er modne nok, eller motiverte nok, til å flytte på hybel.

Om elevane ikkje er modne nok eller motiverte nok til dette, vil vi tru at det og vil gå seg ut over gjennomføringsgraden til flytte på hybel, vil klare det, men slik er det ikkje for alle. Og når tilbodet gjer at alle i Skjåk for eksempel må flytte på hybel, ser vi med bekymring på dette for ungdommane våre.

Det vil og vera mange ungdommar som vegrar seg for å flytte på hybel, mellom anna på grunn av fysiske og psykiske tilhøve. Det kan og vera vanskeleg med ei bussreise på opp til 3-4 timar kvar dag for mange. Ungdommane har rett til eit likeverdig tilbod uansett kor dei bur i fylket, det får dei ikkje om Lom blir lagt ned.

Elevgrunnlaget i Norddalen blir ikkje svekka på mange år. Det er og viktig for å sikre at barnefamiljar blir i Norddalen og fløtt til. Bygder med så lang veg til vidaregåande opplæring vil ikkje vera attraktive for tilflytting, og det vil føre til hindring i høve til folketalsutvikling og innovasjon for lokalsamfunnet. Det er fleire eksempel på folk som fløtt til Norddalen og har med seg kontoret sitt og familien. Med så lang reiseveg til vidaregåande opplæring for ungane deira vil ikkje dette vera eit alternativ. Vi har fått

signal frå barnefamiliar som vurderer å flytte bort frå her, nettopp på grunn av dette, om avdeling Lom blir lagt ned.

- 4. Lokalsamfunnet sitt behov:** Avdeling Lom er ein viktig del av lokalsamfunnet. Nedlegging vil påverke både elevane og lokalsamfunnet negativt. Skulen fungerer som eit samlingspunkt og gir moglegheiter for kulturelle og sosiale aktivitetar. Å ta vare på skulen vil bidra til å oppretthalde eit sterkt og levande lokalsamfunn.

Om avdeling Lom blir lagt ned vil dette føre til ei bussreise på opp til 3-4 timar for ungdommane, konsekvensane av dette vil bli ei innsnevring av fritidstilbod for ungdom i bygda, da det ikkje vil bli att tid og kapasitet til å delta på fritidsaktivitetar som idrett og kultur. Det vil og bli færre ungdommar som har tid og kapasitet til å ta på seg deltidsarbeid, som er viktig for næringa i kommunane våre.

- 5. Bygg- og anleggsbransjen i Nord-Gudbrandsdalen:** Her vil vi vise til debattinnlegg frå byggebransja i Norddalen som sto i [Fjuken](#).

Dei viser til eit godt skulemiljø, nærleik til bedrifter og lett tilgang på lærlingar. Dei legg og vekt på at skulen får veldig gode vitnesbyrd for dei elevane som går der og kjem ut i lære.

Alle elevane ved Bygg- og anleggsteknikk vg2 får lære plassar etter avslutta skulegang. Dei som kjem frå avdeling Lom er og veldig ettertrakta arbeidskraft i større entreprenør-bedrifter rundt om i landet.

- 6. Nærleik til heimen:** Det er viktig for ungdommen å ha eit tilbod om vidaregåande opplæring i nærleiken til heimen sin. Det er ikkje alle som er i stand til å bruke fleire timar av dagen sin på reise til skulen, eller bu på hybel.

Det er og godt underbygd med forskning at hybellivet i ung alder gjev meir tobakksrøyking, auka alkoholbruk, fysisk inaktiv, tidlegare seksuell debut og dårlegare kosthald. Ungdomar som bur på hybel er og sårbare for stress og psykisk helse.

Viser her til artikkel i [Tidsskriftet for legeforeningen](#).

Tall frå NAV viser at 1 elev som fell av vidaregåande skule, kostar samfunnet 15,9 millionar (tall frå 2021, forskning gjort i forbindelse med koronapandemien). Om berre ein elev fell frå på grunn av nedlegging av avdeling Lom, vil ikkje dette vera berekraftig for fylkeskommunen. ([VG](#))

I Innlandsstrategien 2020-2024 legg fylkespolitikarane vekt på at dei vil ha levande bygder der innbyggjarane trivst og har tilhøyrsløse til bygda si. Vidare skriv dei at dette er viktig for helse og livskvalitet. Skilnader må utjamnast, og gjera at alle innbyggjarane har det godt i alle delar av fylket. ([Innlandetfylke.no](#) )

Innstillinga til Innlandet fylkeskommune talar Innlandsstrategien til fylkeskommunen midt i mot. Så det store spørsmålet er: Vil fylkestingspolitikarane ha levande bygdesamfunn, eller vil de at Ijosa skal sløkkjast i alle vindauga i alle dei små bygdene i Innlandet?

Med helsing frå

FAU Vågå ungdomsskule

FAU Skjåk barne- og ungdomsskule

FAU Lom ungdomsskule